

Brit Halleråker rodeleiar - meir enn 30 000 bøssekroner?

14.10.2011



3 generasjonar etter TV-aksjonen i fjar: Møyfrid Kristoffersen, Andreas Kristoffersen og Norah på 3 i basen på Gadeskulen.

Neste søndag går årets TV-aksjon av stabelen og her i Uskedalen er Brit Halleråker rodeleiar dette året. Anniken Kjeka i komiteen for kommunen opplyser at dei sendar 14 bøsser til bygda, som i fjar samla inn 30 346 kroner under bøsseaksjonen og bør nå eit enda betre resultat i år. 13 bøsser er det ideelle talet for å få god dekning i Uskedalen.

Resultatet i hele kommunen vart 430 000 på bøssane og 667 000 totalt.

Nærare 200 bøsseberarar skal i aksjon i Kvinnherad og Anikken slår eit ekstra slag for ein spesiell aksjon i aksjonen som rettar seg mot bedrifter, lag og organisasjoner og som har LO som støttespelar. Ein finn alt om den under Bli med.no og det er allereie 4 som har vore inne og gjeve sitt bidrag hr i kommunen.

Det har samanheng med at pengane dette året går til Norsk Folkehjelp sin innsats for å fjerna miner og klasebombar rundt i verda. Den norske TV-aksjonen er eineståande i verda målt i innsamla midlar pr. hovud og talet på deltakarar. Den har vore gjennomført kvart år sidan 1974 og omfattar 7000 frivillige som skal besøkja 2 millioner husstandar på 2 timer! Her kan ein kombinera ein fin søndagstur med ein god sak.

Kjeka oppmodar folk om å mælda seg som bøsseberarar og også til

å møte fram under ein kulturkveld fredagen før. Der skal Oddvar Larsen fortelja om minerydding og ordførar Synnøve Solbakken halda appell. Også barneteater og dans står på programmet som blir avvikla i Kulturhuset.

- Dette er ein kjekk og samlande oppgåve også for kommunen, understrekar Anikken og peikar på at det er ein kjekk og samlande dugnad på gang i heile Kvinnherad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen